

NotatDato: 01.08.2019
Arkivsak: 2014/10180-24
Saksbehandlar: andlosn

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 30.06.2019

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018 - 2019 (HNH) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket.

Regional næringsplan for Hordaland, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet vart utarbeidd i slutten av 2017 med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen, Bergen kommune, Odda kommune, UH-sektoren, NCE Maritime CleanTech og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) var styringsgruppe og gav tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Eit justert handlingsprogram med budsjett for 2019 vart vedteke i fylkesutvalet 31.01.2019.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast blir vurdert opp mot prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikta har fått tildelt midlar frå budsjettpost B, C og D som gjeld Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar i programmet. Med unntak av dei øyremerka midlane er dette søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt.

Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga i HNH budsjettet for 2019:

- B-1: Entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Relevant kompetanse
- B-3: Heilskapleg samfunnsutvikling
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft, partnerskap og klimaretta tiltak
- B-6: Fylkesoverskridande prosjekt
- B-7: Integrering
- B-8: Øyremerkte midlar til program
- B-9: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar
- C: Regionale etablerarfond
- D: Omstilling og nyskaping

Denne oversikta med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B, C og D i HNH 2018-2019, blir gjeve som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn løyvd sidan førre oversikt.
- Tabell med samla tal for 2019 fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gjeve til fylkesutvalsmøtet 02.05.2019 med ei oversikt frå 01.01.2019 til 31.03.2019. Denne oversikta syner utviklinga frå 01.04.2019 til 30.06.2019.

Prosjekt handsama i perioden 01. april til 30. juni 2019:

Tilsegn nr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
009-2019	Etablering av fintech-inkubator i finanskyngen Finance Innovation	Bergen Teknologioverføring	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	10 980 000	200 000
068-2019	Innovasjonsuken OPP 2019	Bergen Teknologioverføring	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	1 375 000	300 000
079-2019	Samarbeid Odda-Voss, ein sterkare region gjennom omstilling, digitalisering og innovasjon	Næringshagen på Voss	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	450 000	200 000
086-2019	Forprosjekt prosjektutviklingsarena: Future Week	NCE Media	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	667 500	75 000
088-2019	Forprosjekt Framtidssenter	Atheno AS	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	480 000	200 000
089-2019	Aktivitet i Team Hardanger 2019	Hardangerrådet	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	50 000	25 000
078-2019	Moglegstudie: Aktivitetessenter og museum på Vaksdal mølle	Vaksdal Næringssselskap AS	B-2: Relevant kompetanse	270 000	90 000
064-2019	Handelsanalyse og moglegstudie for næringsutvikling	Vaksdal kommune	B-3: Heilskapleg samfunnsutvikling	410 000	137 000
041-2019	Støtte til "THE OCEAN" - en tverrfaglig og viktig møtearena for havnæringene	VIS	B-4: Bransjeretta tiltak	1 925 000	200 000

063-2019	Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 – 21	Fylkesmannen i Vestland	B-4: Bransjeretta tiltak	3 000 000	150 000
069-2019	Bergen Matfestival 2019	Matarena AS	B-4: Bransjeretta tiltak	4 285 000	300 000
070-2019	Norsk Siderfestival 2019	Hardanger Siderprodusent-lag	B-4: Bransjeretta tiltak	875 000	200 000
066-2019	Møteplass mat som utviklingskraft for Matbyen Bergen og matregionen Vestland	Matarena AS	B-6: Fylkes-overskridande prosjekt	540 000	175 000
080-2019	Mat og muligheter.	Ny sjanse, NAV-Berghenhus, Bergen kommune	B-7: Integrering	1 000 000	400 000
081-2019	Bergen Opportunity	Bergen Næringsråd	B-7: Integrering	5 200 000	420 000
083-2019	Ny Introduksjonsordning i Meland: Forprosjekt Fagopplæring	Meland kommune	B-7: Integrering	240 000	50 000
084-2019	Økt språk- og arbeidslivskompetanse for flyktninger - Økt tilgang på arbeidskraft for lokal industri	Næringshagen i Odda	B-7: Integrering	300 000	100 000
096-2019	GRÜNDERSPORET - et alternativt introduksjonsprogram for flyktninger som starte egen virksomhet	Meland kommune	B-7: Integrering	7 886 250	500 000
065-2019	MobiFORSK 2019	Hordaland fylkeskommune - RA	B-8: Øymerkte midlar til program	3 000 000	450 000
045-2019	Industriutvikling Vest - videreføring av inkubatorvirksomheten i 2019	Industriutvikling vest	B-9: Øymerka midlar til samarbeidsaktørar	7 227 000	600 000
090-2019	VIS Nyskapingsparken 2019	Vestlandets Innovasjons-selskap	B-9: Øymerka midlar til samarbeidsaktørar	6 988 000	700 000

035-2019	aDigital - Fase 2	Atheno AS	D: Omstilling og nyskaping	2 230 000	850 000
Totalt tilsegn	22			59 378 750	6 322 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde 2019:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1	Entreprenørskap og innovasjon	12	16 228 666	1 600 000
B-2	Relevant kompetanse	3	3 258 528	825 000
B-3	Heilskapelig samfunnsutvikling	2	1 910 000	737 000
B-4	Bransjeretta tiltak	7	12 260 000	1 670 000
B-5	Fornybarsatsing, grønn konkurransekraft, partnerskap og klimarettta tiltak	2	4 670 000	593 500
B-6	Fylkesoverskridande prosjekt	2	1 040 000	325 000
B-7	Integrering	5	14 626 250	1 470 000
B-8	Øyremerka midlar til program	2	12 500 000	2 815 000
B-9	Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar	3	17 685 000	1 900 000
C	Regionale etablerarfond	3	3 000 000	3 000 000
D	Omstilling og nyskaping	2	2 990 000	1 228 000
	Totalt	43	90 168 444	16 163 500

Det er i perioden gjeve 6,3 mill kr i tilsegn til totalt 22 prosjekt og tiltak med ei samla kostnadsramme på om lag 59 millionar kroner. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er om lag 11 %.

Tabellane syner at det er store skilnader i fylkeskommunen sin finansieringsdel i dei ulike tiltaka. I somme av prosjekta er me inne med ein finansieringsdel på 50%, medan i andre prosjekt er vår finansieringsdel relativt låg og syner at sjølv med låge finansieringsdelar utløyser me til dels store prosjekt og tiltak. Samla har vi i år vert med å utløyse prosjekt og tiltak på til saman 90,2 mill kr med å nytte totalt 16,2 mill kr i tilskotsmidlar.

Vi opplever stor etterspurnad etter fylkeskommunale utviklingsmidlar til nærings- og lokalsamfunnsutvikling med entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse, bransjemidlar og heilskapleg samfunnsutvikling (B-1 til B-4). På desse områda er budsjetttrammene for inneverande år kraftig redusert og er på omlag 6,1 mill kr totalt. Av dette gjenstår no berre ca 2,1 mill kr for andre halvår. Søknadstilstrøminga er jamn og vi forventar å bruke opp tildelt ramme før året er omme.

For B-5 Fornybarsatsing, grønn konkurransekraft, partnerskap og klimarettta tiltak vedtok fylkesutvalet ein eigen strategi i møtet 3. mai. Basert på strategien blei det lyst ut ein eigen søknadsordning med søknadsfrist 3. juni kor budsjetttramma er 13,5 mill kr. Det kom inn 37 søknadar som søkte om totalt 42,5 mill kr. Søknadane er no til handsaming og ein forventar å kunne starte tildeling innan 1. september.

For B-6 fylkesoverskridande prosjekt gjenstår enno 675 000 kr og administrasjonen vil søke etter nye gode prosjekt.

B-7 Integrasjon blei lyst ut i eigen utlysing med frist 1. april med budsjetttramme 1,5 mill kr. Totalt kom det inn 10 søknader om til saman 3,4 mill kr. Totalt fekk 5 søknadar støtte (sjå tabell 1) og midlane på denne budsjettposten er no disponert.

Tildelingsbrev for midlar til etablerarfond er sendt ut og midlane overført til dei tre forvaltarane Hardangerrådet, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Regionrådet i Nordhordland (resten av fylket inkludert Bergen).

Midlane til omstilling vart lyst ut i slutten av februar med søknadsfrist 1. mai. Tilgjengeleg budsjettramme var 11 mill kr. Søknader som kom inn før utlysinga var blitt handsama fortløpande medan søknader som kom inn etter utlysing har blitt handsama samla i mai/juni.

Totalt kom det inn 22 søknadar på til saman 27,5 mill kr. På grunn av den store søknadsmassen blei det valt å legge til unytta og tilbakeførte midlar på den tidlegare støtteordninga Omstilling på Sør- og Vestlandet frå 2016 som Hordaland fylkeskommune har ansvaret for. Det er no avgjort at 13 prosjekt får til saman 13,2 mill. kr. Dette er no kunngjort på fylkeskommunen sine [nettsider](#) og tilsegna vil bli sendt ut fortløpande. Ei nærare orientering om prosjekta vil kome saman med neste kvartalsrapport.

Etablering av fintech-inkubator i finansklyngen Finance Innovation

Tilsegn-009-2019

Ved hjelp av VIS (tidlegare Bergen Teknologioverføring) sin kompetanse innan inkubasjon skal det etablerast og gjennomførast ein fintech-inkubator i finansklynga Finance Innovation.

Totale prosjektkostnader: kr 10 980 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre:	kr 200 000
Bergen kommune:	kr 300 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Husleie:	kr 2 720 000
Mentoring Finance Innovation:	kr 700 000
Rådgivning og prosjektbidrag Finance Innovation:	kr 1 360 000
Siva:	kr 4 500 000
Sponsorinntekter:	kr 800 000
Vestland fylkeskommune:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.09.2018.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

VIS (tidlegare Bergen Teknologioverføring)

Prosjektleder:

Tor Arne Fanghol, tor.fanghol@bergento.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Etablering og gjennomføring av fintech-inkubator i finansklyngen Finance Innovation. Søknaden gjelder etablering i 2018 og oppstartsprosjektet gjennom 2019.

Tilsegnsdato: 12.06.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Innovasjonsuken OPP 2019**Tilsegn-068-2019**

Innovasjonsuken OPP er regionens eiga festival for innovasjon, entreprenørskap og nyskaping.

Totale prosjektkostnader: kr 1 375 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 200 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 300 000
Bergen kommune:	kr 250 000
DNB:	kr 75 000
Innovasjon Norge:	kr 250 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr 100 000
Sponsormidler:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.01.2020.

Prosjekteigar:

Bergen Teknologioverføring

Prosjektleder:

BTO, csu@visinnovasjon.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,

tlf. 98024892, epost: tonje.marie.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Innovasjonsuken OPP er regionens eiga festival for innovasjon, entreprenørskap og nyskaping! OPP samarbeidar med alle aktørar i regionen som ønskjer å vere med å løfte frem dei ulike initiativ som skjer innan innovasjon og entreprenørskap gjennom å ha ein aktiv nærvær, sørge for synleggjering og vere ein god brobyggjar mellom ulike bransjar og miljøar! Innhaldet i veka er det aktørane sjølv som står for, mens OPP arbeidar for økt koordinering, samarbeid, deltaking og utvikling av konseptar som fleire kan delta på. Innovasjonsuken OPP har eit mål om vidare vekst - både regionalt og nasjonalt. OPP skal bli ein ettertraktet arena for innovasjon og nyskaping!

Tilsegnsdato: 15.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Samarbeid Odda-Voss, ein sterkare region gjennom omstilling. digitalisering og innovasjon
Tilsegn-079-2019**

Næringsshagen i Odda og Næringsshagen på Voss skal gjennom eit forprosjekt, sjå nærare på moglegheitene for og effektane av eit tettare samarbeid mellom dei to miljøa.

Totale prosjektkostnader: kr 450 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 200 000
Næringsshagane Odda og Voss:	kr 50 000
Sparebanken vest:	kr 100 000
Sparebankstiftinga Hardanger:	kr 100 000

Prosjektstart: 01.03.2019.

Prosjektslutt: 31.08.2019.

Prosjekteigar:

Næringsshagen på Voss

Prosjektleder:

Næringsshagen på Voss, sissel@nhvoss.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Næringsshagen i Odda og Næringsshagen på Voss søker om midlar til å delfinansiere eit forprosjekt for å avdekke moglegheitene for og effektane av eit tettare samarbeid mellom dei to miljøa. Målet er å løfte regionen ved å styrke næringslivet gjennom omstilling, digitalisering og innovasjon.

Tilsegnsdato: 06.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Forprosjekt prosjektutviklingsarena: Future Week
Tilsegn-086-2019**

Future week er ein innovasjonsuke som skal legge til rette for økt samarbeid og kompetanseutvikling på tvers av forskings- og utviklingsmiljøer, bransjar og ulike aktørar på tvers av næringsklynger. Det er eit forprosjekt som skal leggje til rette for verdiskaping, vekst, entreprenørskap og innovasjon i regionalt næringsliv.

Totale prosjektkostnader: kr 667 500

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 75 000
Anna finansiering:	kr 145 000
Bergen kommune:	kr 50 000
Klyngeaktørene:	kr 72 500
Media City Bergen:	kr 300 000
Norges forskningsråd:	kr 25 000

Prosjektstart: 11.06.2019.

Prosjektslutt: 14.06.2019.

Prosjekteigar:

NCE Media

Prosjektleder:

Roy Tore Jensen, roytore@ncemedia.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,
tlf. 98024892, epost: tonje.marie.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Future Week er en uke fylt med aktiviteter og arrangementer med digital transformasjon, teknologiutvikling, omstillingsevne og nye forretningsmodeller som overordnet tema. Vi skal etablere Future Week som en prosjektutviklingsarena som legger til rette for verdiskaping, vekst, entreprenørskap og innovasjon i regionalt næringsliv. Arenaen skal bidra til økt samarbeid og kompetanseutvikling mellom forsknings- og utviklingsmiljøer og mellom disse og ulike bransjer og aktører på tvers av næringsklynger.

Tilsegnsdato: 21.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Forprosjekt Framtidssenter
Tilsegn-088-2019**

Dette er eit forprosjekt for å kartleggje muligheten for å etablere eit senter som synleggjer framtidens bærekraftige moglegheiter for barn og unge, knytt til Sunnhordlandsregionen sine bedrifter og industrinettverk, som er verdsleiarane innan nye miljøvenlege maritime løysingar, fornybar energiproduksjon og sjømat.

Totale prosjektkostnader: kr 480 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 60 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 200 000
Finansiering andre:	kr 30 000
Timar bedrifter:	kr 190 000

Prosjektstart: 15.05.2019.

Prosjektslutt: 30.11.2019.

Prosjekteigar:

Atheno AS

Prosjektleder:

Ole Jacob Eide, ole.jacob@atheno.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Sunnhordlandsregionen har bedrifter og industrinettverk som er verdsleiarane innan nye miljøvenlege maritime løysingar, fornybar energiproduksjon og sjømat.

Det regionen vår manglar er eit senter som synleggjer framtidens bærekraftige moglegheiter for barn og unge. Som gjer at Sunnhordland og Hordaland kan få fram landets mest kunnskapsrike og nysgjerrige arbeidstakarar knytt til framtidens arbeidsplassar. Ein lærings- og motivasjonsarena. Ein augneopnar. Eit «Framtidssenter» i sentrum av regionen!

Tilseingsdato: 20.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Aktivitet i Team Hardanger 2019**Tilsegn-089-2019**

Team Hardanger er eit fagleg nettverk mellom næringsansvarlege/etablerarrettleiarane i kommunane i Hardanger, Næringshagane i Hardanger og Odda, samt Handalag Opplæring. Arbeidet består av næringsarbeid med nyskaping, etablerartenester og tilrettelegging, samt at det er eit nettverk som delar kunnskap, motivera, inspirera og støttar.

Totale prosjektkostnader: kr 50 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 25 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 25 000

Prosjektstart: 14.05.2019.

Prosjektlutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Hardangerrådet

Prosjektleder:

Jostein Eitrheim, jostein@hardangerraadet.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,
tlf. 98024892, epost: tonje.marie.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Team Hardanger (TH) er eit regionalt nettverk for: Næringsansvarlege i dei 7 Hardangerkommunane, dagleg leiar i Næringshagane Hardanger og Odda, og dagleg leiar Handalag Opplæring. Hardangerrådet er sekretariat for Team Hardanger og nettverksbygger med meir. Team Hardanger er viktig for Hardanger i ei tid der alt er i endring og kommuna er meir enn opptekne av å få kvardagane til å gå rundt. Målet er at arbeidet skal føre til deling av kunnskap og gode nettverk som igjen bidreg til auka aktivitet og igangsetting i Hardanger. Team Hardanger er med på å binde Hardanger saman og utviklar Hardanger for framtida.

Tilsegnsdato: 28.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Moglegstudie: Aktivitetessenter og museum på Vaksdal mølle
Tilsegn-078-2019**

Vaksdal Næringssselskap AS ser at det er mogleg å få ei auka verdiskaping av historia og føremålet til Vaksdal mølle. For å kunne utnytte historia og moglegheitene best ynskjer Vaksdal Næringssselskap ein analyse/moglegstudie av kva som er realistisk å oppnå på Vaksdal Mølle.

Totale prosjektkostnader: kr 270 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Dugnadstimar frå entusiast-gruppa:	kr 80 000
*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 90 000
Støtte frå Felleskjøpet Agri + Norgesmøllene:	kr 70 000
Støtte frå Vaksdal kommune:	kr 30 000

Prosjektstart: 01.03.2019.

Prosjektslutt: 01.06.2019.

Prosjekteigar:

Vaksdal Næringssselskap as

Prosjektleiar:

Vaksdal Næringssselskap as, post@vnsas.no

Sakshandsamar:

Ingeborg Sofie Sætrevik,
tlf. -, epost: Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no

Samandrag:

Vaksdal mølle frå 1866 har ein viktig historie og fyller ein viktig funksjon i dag. Å gjere korn om til mjøl er ein prosess som har lange historiske liner og er viktig for maten og ernæringa vår. Prosessen frå korndyrking og jord til bord og ferdige matvarer er ei tidlaus forteljing som bør forteljast til nye generasjonar. Korn/mjøl er viktig i kosthaldet vårt, har hatt mykje å seie for økonomi og samfunnet vårt, og vil møte utfordringar med klimaendringar og eit berekraftperspektiv.

Tilsegnsdato: 03.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-2 Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-4: Mat

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Handelsanalyse og moglegstudie for næringsutvikling**Tilsegn-064-2019**

Vaksdal kommune har fått midlar til å gjennomføre handelsanalyse med utgangspunkt i fylkeskommunen sin mal for handelsanalyse og moglegheitsstudie for næringsutvikling. Formålet med arbeidet er å kartlegge dagens situasjon og potensiale for framtidig handel og næringsutvikling i dei tre stasjonsbyane i Vaksdal.

Totale prosjektkostnader: kr 410 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 173 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 137 000
Vaksdal næringssselskap:	kr 100 000

Prosjektstart: 01.05.2019.

Prosjektslutt: 30.11.2019.

Prosjekteigar:

Vaksdal kommune

Prosjektleiar:

Gjertrud Karevoll, gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Sakshandsamar:

Ingeborg Sofie Sætrevik,
tlf. -, epost: Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no

Samandrag:

Vaksdal ønsker å styrke seg som en attraktiv kommune for næringslivet og handel. Kommunen ønsker å kartlegge handelspotensialet, særleg knytt til å dimensjonere for nyetableringar knytt til nye jernbanestasjonar i stasjonsbyane. Knytt til dei store transformasjonsprosessane vil også eit moglegstudie for næringsutvikling vere nødvendig. Kommunen vil trenge hjelp til gjennomføring av både handelsanalyse og moglegstudie for næringsutvikling, men vil prioritere lokal forankring i begge studiane.

Tilsegnsdato: 16.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn

Budsjett: B-3 Heilskapleg samfunnsutvikling

Innsatsområde: B-3: Regional nærings- og samfunnsutvikling

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Støtte til "THE OCEAN" - en tverrfaglig og viktig møtearena for havnæringene
Tilsegn-041-2019**

Prosjektet har ambisjon om å bygge den viktigaste møtearenaen på tvers av «havnæringane» i regionen

Totale prosjektkostnader: kr 1 925 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 200 000
Bergen Kommune:	kr 150 000
Billettinntekter:	kr 250 000
Connect Vest:	kr 75 000
Expo - stands og utstillere:	kr 150 000
GCE Ocean Technology:	kr 150 000
Havforskningsinstituttet:	kr 150 000
NCE Seafood Innovation Cluster:	kr 150 000
NORCE:	kr 150 000
Sponsorinntekter:	kr 200 000
Universitetet i Bergen:	kr 150 000
VIS (Tidligere BTO):	kr 150 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

VIS

Prosjektleiar:

Christina Sundli-Hårdig, csu@visinnovasjon.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

THE OCEAN er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire av aktørene som arbeider med næringsutvikling knytt til havrommet. Både tradisjonell energi, - olje og gass, fornybar energi, marin sektor, maritim sektor, mat/bioøkonomi og reiseliv vil være viktige næringar som knyttast saman i dette prosjektet. Første arrangement er 17. september 2019 der statsminister og fleire leiarar for store verksemdar er invitert for å halde foredrag.

Tilsegnsdato: 09.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Maritime næringar

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 – 21 Tilsegn-063-2019

Det er stort potensiale for å auke vidareforedling og verdiskaping basert på regionalt trevirke i Vestland. Regional verdiskaping på grunnlag av lokale berekraftige ressursar vert viktigare framover når prisnivået i utlandet vert meir ujamt og vi må kalkulere med meir vindfall. Auka bruk av regionalt trevirke reduserer Co2 fotavtrykket i byggebransjen og stimulerer til fleire arbeidsplasser i heile verdikjeda for trevirke.

Totale prosjektkostnader: kr 3 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Fylkesmannen i Vestland - UTM:	kr 150 000
Fylkesmannen i Vestland, eigeninnsats:	kr 1 890 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 150 000
Innovasjon Norge:	kr 750 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune:	kr 60 000

Prosjektstart: 01.02.2019.

Prosjektslutt: 01.02.2022.

Prosjekteigar:

Fylkesmannen i Vestland

Prosjektleiar:

Fylkesmannen i Vestland, fmhodkt@fylkesmannen.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. -99613868, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

For at meir regionalt trevirke skal bli foredla regionalt må det jobbast på ulike arenaar og med alle aktørane i verdikjeda. Prosjektet vil styrke samarbeidet mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, gjennomføre konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og innovative idear og løysingar vert løfta fram, meir bruk av regional trevirke, forlenga levetid av brukt trevirke, meir gjenbruk står i fokus. Prosjektet vil mellom anna konkret jobbe med interkommunalt nettverk, klimasmarte fjøs, kompetanseprogram og satsinga på bioenergi.

Tilsegnsdato: 08.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Bransjeretta tiltak

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Bergen Matfestival 2019**Tilsegn-069-2019**

Bergen Matfestival er Norges største møte- og handelsplass for lokalmat frå Vestlandet. Her møtast lokalmatprodusentar frå sjø og land, kokkar, internasjonale UNESCO gastronomibyar, reiselivsaktørar, bebuarar og tilreisande. Det blir gjennomført ei rekke aktivitetar som koplar de ulike miljøa og som bidreg til auka verdiskapning, vekst og utvikling i vår region.

Totale prosjektkostnader: kr 4 285 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 300 000
Anna finansiering:	kr 150 000
Annen offentlig støtte, NFD:	kr 150 000
Bergen Kommune:	kr 350 000
Bidrag privat næringsliv, egenfinansiering:	kr 400 000
Billettinntekter, andel Bergen Matfestival:	kr 900 000
Deltakeravgift:	kr 1 185 000
Fylkesmannen Vestland:	kr 250 000
Innovasjon Norge:	kr 600 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.10.2019.

Prosjekteigar:

Matarena AS

Prosjektleiar:

Ingerid Wembstad, ingerid@matarena.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. 99613868, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Bergen Matfestival skal i år jobbe for å få ein tydeligare berekraftig profil og ta eit større miljøansvar i alle ledd. Bergen Matfestival skal jobbe i tråd med FN sine berekraftsmål - «Ta vare på behova til menneskjer som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine.». Bergen Matfestival skal bidra til å synleggjere og skape auka etterspurnad etter berekraftig lokalmat. Bergen Matfestival skal spreie kunnskap og inspirasjon om ein meirr berekraftig livsstil, råvarer og produkt i kursteltet og på barnas område. Bergen Matfestival skal leggje til rette for mindre avfallsmengder, meir resirkulering og gjenbruk. Bergen Matfestival skal forby sal av smaksprøver servert i plast. Bergen Matfestival skal oppmode utstillarane til å bruke mindre plast/emballering. Bergen Matfestival skal oppmode dei besøkande til å velje offentleg transport. Mat som er igjen ved festivalslutt skal seljast gjennom for eks. «Too good to go» eller gis til veldedig formål via Matsentralen

Tilsegnsdato: 26.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Bransjeretta tiltak

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Norsk Siderfestival 2019**Tilsegn-070-2019**

Sider frå Hardanger og sidernæringa i Norge generelt er i ein eventyrleg vekst. Sider frå Hardanger har ein solid posisjon i marknaden, og ynskjer å ta et ytterligare grep ved å ta ein nasjonal posisjon ved å etablere Norsk siderfestival.

Totale prosjektkostnader: kr 875 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 50 000
Egenfinansiering Siderklynge Hardanger:	kr 100 000
Egeninnsats siderprodusenter:	kr 195 000
Egeninnsats styringsgruppe:	kr 130 000
Fylkesmannen Vestland:	kr 100 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Standleie basert på 20 deltakere:	kr 100 000

Prosjektstart: 07.01.2019.

Prosjektslutt: 31.10.2019.

Prosjekteigar:

Hardanger Siderprodusentlag v/ Asbjørn Børsheim

Prosjektleder:

Matarena AS, ingerid@matarena.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 99613868, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Sider frå Hardanger og sidernæringa i Norge generelt er i ein eventyrlig vekst. 2018 salet av norsk sider på vinmonopolet har auka med heile 75% i forhold til 2017; frå 79.047 liter til 138.495 liter. Sider frå Hardanger utgjør 80% av det norske sidersalet på Vinmonopolet. I tillegg er det solgt ca 89.200,- liter sider frå Hardanger via Horeca og gard. Det å spreie kunnskap om sider, vere synlig i marknaden og tett på forbrukar og bransjen er ein viktig strategi for sidernæringen nå. Sider frå Hardanger har ein solid posisjon i marknaden, og ynskjer å ta et ytterligare grep ved å ta ein nasjonal posisjon ved å etablere Norsk siderfestival. Truleg vil det vere rundt 20 siderprodusentar frå heile landet som deltek på Norsk Siderfestival 2019. Norsk siderfestival vil kople seg på Bergen Matfestival. I fjor opplevde matfestivalen rekord mange besøkande med 40.000 innom de tre dagane. For sidernæringa er det viktig å synleggjere seg på festivalen – i Bergen spesielt som er den største marknaden for sider (frå Hardanger).

Tilsegnsdato: 06.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Bransjeretta tiltak

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Møteplass mat som utviklingskraft for Matbyen Bergen og matregionen Vestland Tilsegn-066-2019

På Vestlandet har vi ein rik matkultur og med godt grunnlag for å dyrke/hauste både frå land og sjø. Sakte, men sikkert har tradisjonar blitt vatna ut, nye råvarer og retter er blitt importert frå utlandet og vi har mista grepet og stoltheita til vår eigen matkultur. Kva er typisk for Vestlandet? Kva blir produsert? Kva er dei typiske Vestlandsrettane? Prosjektet skal bidra til ein tydeleg matidentitet for Vestlandet.

Totale prosjektkostnader: kr 540 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 175 000
Bergen kommune:	kr 50 000
Deltakeravgift:	kr 25 000
Egeninnsats, partnerskap, deltakere:	kr 240 000
Fylkesmannen i Vestland:	kr 50 000

Prosjektstart: 15.03.2019.

Prosjektslutt: 15.12.2019.

Prosjekteigar:

Matarena AS

Prosjektleder:

Alexandra Krage Angell, alexandra@matarena.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 99613868 go, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Møteplass Mat er blitt en attraktiv utviklingsarena for lokalmataktører i Hordaland. Spesielt i år er det aktuelt å rigge seg for det nye Vestland. Fylkesmennene har allerede slått seg saman og i 2020 skal Vestland vere ein samarbeidsregion òg innan mat. I 2019 skal ein legge grunnlaget for eit slikt samarbeid og skape ein tydelig felles matidentitet. Aktørar frå Sogn og fjordane skal bli involvere i Møteplass mat. Målet er å skape ein god samarbeidsplattform og utvikle felles verdiar for det framtidige samarbeidet.

Tilsegnsdato: 26.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-6 Fylkesoverskridande prosjekt

Innsatsområde: B-6: Fylkesoverskridande prosjekt

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Mat og muligheter.**Tilsegn-080-2019**

Mat og prat er ein arena som gir flyktingar og innvandrarak arbeidstrening. Dei har lukkast godt med dette hittil, men det er naudsynt å styrkje innsatsen for å få brukarane over i alminneleg arbeid. Dette prosjektet tek sikte på å styrkje koplinga til næringsliv, for slik å bidra til at sysselsettinga av flyktingar og innvandrarak i Bergen aukar.

Totale prosjektkostnader: kr 1 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egenfinansiering:	kr 600 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 400 000

Prosjektstart: 01.04.2019.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Ny sjanse, NAV-Bergenhus, Bergen kommune

Prosjektleiar:

Hilde Eliassen, leder, Ny sjanse, NAV-Bergenhus, hilde.eliasen@bergen.kommune.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 98426287, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet vil gjere det mogleg å vidareutvikle opplæringsarenaen Mat og prat. Dette gjennom dialog og systematisk kartlegging av rekrutterings- og kompetansebehovet behovet til bedrifter som jobber med matfag i Bergensregionen.

Søkjar planlegg å laga opplæringshefter i samarbeid med bedrifter som rekrutterer servicemedarbeidere til kantiner.

Prosjektet kan gjere det mogleg at bedrifter får auka inkluderingsvilje- og kompetanse, og dermed bidra til auka sysselsetting av fleirkulturelle.

Tilsegnsdato: 13.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNN)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Bergen Opportunity
Tilsegn-081-2019**

Bergen Opportunity er eit nytt utviklings- og mentorprogram for talentfulle og ambisiøse innvandrarar og flyktningar.

Totale prosjektkostnader: kr 5 200 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 420 000
Anna finansiering:	kr 60 000
Bergen kommune:	kr 580 000
Bergen Næringsråd:	kr 1 260 000
IMDi:	kr 2 400 000
NAV Vestland:	kr 480 000

Prosjektstart: 01.03.2019.

Prosjektlutt: 02.06.2020.

Prosjekteigar:

Bergen Næringsråd

Prosjektleder:

Iver Neptali Bell-Ramos, iver@bergen-chamber.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 98426287, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Bergen Opportunity er eit utviklings- og mentorprogram for innvandrarar i regionen i samarbeid med Bergen kommune, NAV Vestland og IMDi. Prosjektet skal virke haldningsskapande, styrkje kompetanse om kulturelt mangfald og bidra til å fremje karriere blant deltakarane.

Bergen Næringsråd vil nytte sin kompetanse og erfaring frå eksisterande mentorprogram for kvinnelege rådgjevarar og traineeprogram for nyutdanna, Trainee Vest.

Tilsegnsdato: 13.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Ny Introduksjonsordning i Meland: Forprosjekt Fagoppl ring
Tilsegn-083-2019**

Meland / Alver kommune  nskjer   utvikle ein fornya og meir arbeidslivsretta introduksjonsordning, for raskare   f  flyktningar ut i arbeid. Dette består av tre ulike alternative vegar i introduksjonsprogrammet.

Det eine alternativet handlar om fagoppl ring i bedrift. Kommunen  nskjer   gjennomf re eit forprosjekt for   utvikle s knad om eit hovudprosjekt.

Totale prosjektkostnader: kr 240 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*St�tte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 50 000
Anna finansiering:	kr 70 000
Egenfinansiering:	kr 120 000

Prosjektstart: 01.09.2019.

Prosjektslutt: 01.06.2020.

Prosjekteigar:

Meland kommune

Prosjektleder:

John Fredrik Wallace, john.fredrik.wallace@meland.kommune.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 98426287, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Meland / Alver kommune  nskjer   utvikle ein fornya og meir arbeidslivsretta introduksjonsordning, for raskare   f  flyktningar ut i arbeid. Dette består av tre ulike alternative vegar i introduksjonsprogrammet.

HFK har gitt st tte til den samla satsinga til kommunen; til forstudie, samt delprosjekt ein og to.

Det tredje delprosjektet handler om fagoppl ring i bedrift, i samarbeid med lokalt n ringsliv. HFK har her gitt st tte til eit forprosjekt for   utvikle s knad om hovudprosjekt.

Tilsegnsdato: 13.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsomr de:

St tteordning: Handlingsprogram for n rings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Økt språk- og arbeidslivskompetanse for flyktninger - Økt tilgang på arbeidskraft for lokal industri
Tilsegn-084-2019**

Næringsshagen i Odda skal i samarbeid med lokalt næringsliv og Odda voksenopplæring i eit forprosjekt kartleggje og planleggje korleis arbeidsretta språkopplæring kan fremme betre integrering av flyktningar i lokalt næringsliv.

Totale prosjektkostnader: kr 300 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 120 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 100 000
Anna finansiering:	kr 50 000
Egeninnsats lokalt næringsliv:	kr 30 000

Prosjektstart: 01.08.2019.

Prosjektlutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Næringsshagen i Odda

Prosjektleder:

Næringsshagen i Odda, heidi@nhodda.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 98426287, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Næringsshagen i Odda, i samarbeid med Odda voksenopplæring og lokalt næringsliv, ønskjer å kartleggje, planleggje og å teste ut korleis arbeidsretta språkopplæring kan få fleire flyktningar integrert i lokalt arbeidsliv. Dette er eit forprosjekt som seinare vil resultera i eit hovudprosjekt. Mellom anna skal prosjektgruppa dra veksling på eit liknande prosjekt i Haram kommune.

Tilsegnsdato: 13.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

GRÜNDERSPORET - et alternativt introduksjonsprogram for flyktninger som starte egen virksomhet Tilsegn-096-2019

Meland (Alver) kommune utviklar eit nytt og meir arbeidslivsretta introduksjonsprogram. Hordaland fylkeskommune støttar dette arbeidet saman med andre offentlege aktørar.

Det nye introduksjonsprogrammet består av tre ulike «spor». Dei eine sporet er Gründersporet, som legg mykje vekt på relevant kunnskap og kompetanse for å fremja entreprenørskap.

Totale prosjektkostnader: kr 7 886 250

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigenfinansiering Meland:	kr 2 950 000
Fylkesmannen skjønnsmidler:	kr 1 050 000
Hordaland Fylkeskommune HNH:	kr 500 000
IMDI:	kr 2 100 000

Prosjektstart: 01.04.2019.

Prosjektlutt: 31.12.2021.

Prosjekteigar:

Meland kommune

Prosjektleder:

John Fredrik Wallace og Cathrine Gangstøe, john.fredrik.wallace@meland.kommune.no;
cathrine.gangsto@nav.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 98426287, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Gründersporet er ein av fleire «spor» i Meland (Alver) sitt arbeid for å fremme eit alternativt Introduksjonsprogram for flyktninger, som i større grad bidreg til å få flyktningar ut i arbeid. Hovudmålet med «Gründersporet» er å utvikle ein modell for alternativt Introduksjonsordning med vekt på entreprenørskap.

Prosjektet er utvikla i tett samarbeid med forskere, og har ein parallell forskningsøknad til RFF Vest. Prosjektet er i utgangspunktet 3-årig, med opptak av kandidater til 2 kull.

Tilsegnsdato: 13.06.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

MobiFORSK 2019**Tilsegn-065-2019**

MobiFORSK Hordaland - mobilisering til meir forskning og innovasjon i bedriftene

Totale prosjektkostnader: kr 3 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 450 000
NFR:	kr 2 550 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune - RA

Prosjektleder:

Hordaland fylkeskommune, ingjerd.skogseid@hfk.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 99575879, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

MobiFORSK er Hordaland sitt mobiliseringsprosjekt i FORREGION- programmet til forskingsrådet. Dette er tredje og siste året i prosjektperioden. HFK har prosjektleiinga og har knytt til seg kompetansemeklarar frå tre ulike kompetansemiljø; VIS, NORCE og Høgskulen på Vestlandet. Målet er «Mobilisere til auka forskning og innovasjon i næringslivet i Hordaland for å bidta til berekraftig verdiskaping og grøn omstilling». Verkemidla er kompetansemekling, nettverksmøte, mobilitet og forprosjekt. Tematiske satsingar er berekraftig vekst innan bioøkonomien og teknologiutvikling gjennom bransjekryssande koblingar. Målgruppa er bedrifter med lite eller ingen forskningserfaring.

Tilsegnsdato: 23.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-8 Øyremerka midlar til prosjekt og program -Mobiforsk

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Industriutvikling Vest - videreføring av inkubatorvirksomheten i 2019**Tilsegn-045-2019**

Denne tilsegna er fylkeskommunen sitt bidrag for å oppfylle forplikningane for 2019 i partnerskapsavtalen for perioden 2018 – 2020.

Totale prosjektkostnader: kr 7 227 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 600 000
Administrasjon Mongstad Vekst:	kr 100 000
Driftstilskudd eiere:	kr 4 150 000
Driftstilskudd offentlige:	kr 325 000
Egenandel inkubatoravtaler:	kr 550 000
Finansinntekter:	kr 2 000
Husleieinntekter:	kr 400 000
Konsulentonorar:	kr 900 000
Omsetning avgiftspliktig:	kr 50 000
Prosjektilskudd:	kr 150 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Industriutvikling vest

Prosjektleder:

Børge Brundtland, -

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,

tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

I samsvar med partnerskapsavtalen skal midlane nyttast til videreføring av inkubatorvirksomheten i 2019. Dette skal skje i tråd med måltall godkjent av SIVA og ellers i tråd med føringar i HNH 2019 og tildelingsbrevet.

Tilsegnsdato: 22.03.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-9 Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar

Innsatsområde: B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

VIS Nyskapingsparken 2019**Tilsegn-090-2019**

Dette er årlege partnerskapsmidler til VIS Nyskapingsparken, som er Vestlandets største inkubator. Midla er bevilga over partnerskapsmidla til ulike partnarar i Hordaland, og politisk behandla av fylkestinget. Men inkubatorane sine midler vert tatt av vanlege HNH-midler, bevilga av KMD, som gjer at ein må formelt søkje og rapportere kvart år slik som andre ordinære tilsegn.

Totale prosjektkostnader: kr 6 988 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Egenfinansiering:	kr 650 000
*Støtte HNH 2018-2019:	kr 700 000
Bergen kommune:	kr 510 000
Deltaker leie og rådgivning:	kr 828 000
Eiere av VIS:	kr 800 000
SIVA:	kr 3 000 000
Spons og leie partnere:	kr 500 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Vestlandets Innovasjonsselskap

Prosjektleder:

Hanne Vabø Sæle, hsa@visinnovasjon.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

VIS Nyskapingsparken er Vestlandets største inkubator og huser ca 100 oppstarts bedrifter. Eier er VIS som igjen er eid av Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen, NHH, Helse Bergen, Havforskningsinstituttet og SIVA. Midla er bevilga over partnerskapsmidla til ulike partnarar i Hordaland, og politisk behandla av fylkestinget. Men inkubatorane sine midler vert tatt av vanlege HNH-midler, bevilga av KMD, som gjer at ein må formelt søkje og rapportere kvart år slik som andre ordinære tilsegn.

Tilsegnsdato: 27.05.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Regionale tiltak for næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-9 Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar

Innsatsområde: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

aDigital - Fase 2
Tilsegn-035-2019

Dette er eit omstillingsprosjekt, som byggjer på Atheno sitt arbeid med digitalisering, aDigital, eit kurs for leiarar. Dette er eit prosjekt som skal vere meir tilpassa behova til operatørar (fagfolk 4.0) og mellomleiarar.

Totale prosjektkostnader: kr 2 230 000

Finansieringsplan for prosjektet:

*Støtte fra Hordaland fylkeskommune:	kr 850 000
Atheno:	kr 150 000
Bedrifter eigne timar:	kr 980 000
Bedrifter midlar:	kr 250 000

Prosjektstart: 01.01.2019.

Prosjektlutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Atheno AS

Prosjektleder:

Astrid Kjellevoid, astrid@atheno.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
 tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

"aDigital-fase 2" skal vere eit prosjekt som bidreg til at industribedriftene i Hordaland lukkast med digitaliseringsprosjekt dei er i gang med, eller planlegg. Erfaringane mange har så langt er at forståing og implementering av digitalisering er ei stor utfordring for mange. Atheno ynskjer å utvikle eit program innan digitalisering, endringsleiing og implementering. Piloten vil bygge på erfaringar frå aDigital, skal vera todelt og vert retta mot operatørar (fagfolk 4.0) og mellomleiarar.

Tilsegnsdato: 16.04.2019

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: D: Omstilling og nyskaping

Innsatsområde:

Støtteordning: Omstilling og nyskaping i industrien i Hordaland 2019